



VIL DU
VERE MED
Å PÅVERKE
KORLEIS SKODJE
SENTRUM, VALLE,
STETTE, UTVIKBYGDA,
ENGESETDAL, BRUSDAL OG
GLOMSET SKAL UTVIKLE SEG?

Skodje kommune har engasjert Nordplan AS til å utarbeide ny stadanalyse for Skodje sentrum og egne studiar av krinsane. Analysane er viktige som grunnlag for den pågåande rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Gjennom idéverkstaden ønskjer vi å få belyst kva som er viktige kvalitetar i sentrum og dei ulike krinsane. Kva bør takast vare på, og kva bør utviklast vidare?

**OPE MØTE PÅ GOMERHUSET 28. FEBRUAR KL. 18.00
VEL MØTT!**

Stadutvikling i Skodje kommune

Skodje kommune er i stor vekst og utvikling, og dei ulike delane av kommunen har sine naturgjevne fortrinn, ulike ressursar og føresetnader som i sum utgjer det samla utviklingspotensialet.

Gjennom tettstadanalyse og påfølgjande arbeid med kommuneplanen, er det er ei målsetting å leggje til rette for vidare vekst og utvikling.

Kommunen vil ha eit sentrum som bidreg til auka aktivitet og auka bulyst. Attraktivitet er også viktig for dei ulike krinsane. Vi ønskjer gjennom dette arbeidet sjå på korleis krinsane Valle, Glomset, Utvikbygda, Stette, Brusdal og Engesetdal, kan utviklast i åra framover.

Det er i prosessen med revisjon av stadanalyse og utarbeiding av mogelegheitsstudiar for krinsane lagt opp til brei involvering.

Stadanalyse for Skodje sentrum og mogelegheitsstudie for krinsane

Skodje kommune har engasjert Nordplan AS til å utarbeide analysane. Stadanalyse for Skodje sentrum skal bygge på gjeldande stadanalyse frå 2003, og omfatte det same analyseområdet.

Det er første gongen kommunen utarbeidar mogelegheitsstudiar for krinsane.

I idéverkstaden vert innbyggjarane invitert inn til å drøfte spørsmål som:

- *Korleis skape eit meir attraktivt sentrum for alle (som til dømes grønstruktur, miljøtiltak, materialval)?*
- *Korleis få betre samanheng mellom dei ulike delane av sentrum?*
- *Korleis skape attraktivitet i krinsane Valle, Glomset, Utvikbygda, Stette, Brusdal og Engesetdal og*
- *Korleis styrke samanhengar mellom krinsane og sentrum (som til dømes gang- og sykkelveggar, turstiar)?*

Vi ønskjer med denne idéverkstaden å få innbyggjarane sitt syn på korleis Skodje sentrum og krinsane bør utvikle seg i åra framover, og vil då ha eit særskilt fokus på styrkar og mogelegheiter.